

---

Saknr: 2021/26763-1  
Saksbehandlar Aase Bruntveit Njøs  
Dato: 30.08.2021

---

## Løypemelding om tilpassa opplæring og spesialundervisning

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse legg fram justert framdriftsplan og korleis sak om tilpassa opplæring og spesialundervisning vert arbeidd med.

### Framdriftsplan

Avdelingsdirektøren ser behov for å justere framdriftsplanen og den planlagde høyringa. Dette med bakgrunn i manglande kapasitet over tid i avdelinga. No er kapasiteten auka og avdelingsdirektøren vil ha merksemd på arbeidet fram mot politisk handsaming.

For å rekke dei administrative og politiske fristane i saka, legg avdelingsdirektøren opp til følgjande framdrift:

Dato	
01. September 2021	Orientering til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om arbeidet
08. september 2021	Løypemelding til OPPKO
Veke 39	Temadag digital temadag med innlegg og innspel. Avdelingsdirektøren samhandlar med saksordførar om innhald og gjennomføring
16 november 2021	Handsaming Y-nemnd
19 november 2021	Vestland ungdomsutval
23. november 2021	Handsaming OPPKO
30 november 2021	Handsaming Fylkesutvalet
01. desember 2021	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
15 og 16 desember 2021	Handsaming Fylkestinget

Avdelingsdirektøren ynskjer å sikre breiast mogleg involvering, og vil difor legge til rette for fagdag og involvere sektoren gjennom direktøren sin faste møtestruktur. Avdelingsdirektøren meiner at ein slik prosess sikrar ei brei saksførebuing og god involvering av sektor.

### Vidare arbeid i saka

I notat den 23.02.2021 (RS - 11/2021) til hovudutval for opplæring og kompetanse skreiv avdelingsdirektøren at saka skal ha mål for inntak av elevar med rett til spesialundervisning, organisering av opplæringa, strategi for tilpassa opplæring for alle elevar samt ein felles ressurstiltingsmodell.

Avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse tilrår at saka fastset overordna prinsipp for korleis den vidaregåande opplæringa stettar tilpassa opplæring og spesialundervisning. Prinsippa må ta utgangspunkt i elevane og lærlingane sine rettar og dei administrative fullmaktene som ligg til avdelingsdirektøren og den einskilde rektor. Dette vil også gje den overordna retninga for ressurstilting.